



Arkivnr: 2016/5117-1
Saksbehandlar: Kathrin Jakobsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		02.06.2016
Utval for opplæring og helse		02.06.2016
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		08.06.2016
Fylkesutvalet		23.06.2016

Internasjonalt prosjektsamarbeid

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har deltatt aktivt i internasjonalt prosjektsamarbeid over mange år. Dette er eitt av hovudverktøya i den internasjonale strategien for Hordaland fylkeskommune. Gevinsten av internasjonalt prosjektsamarbeid for Hordaland fylkeskommune er at det bidrar til å 1) løyse regionale utfordringar, 2) byggje kompetanse, 3) finansierte regionalt utviklingsarbeid, 4) kople Hordaland fylkeskommune opp mot europeiske prosessar og 5) jamne ut sosiale og økonomiske forskjellar mellom regionar i Europa.

Dei mest relevante EU-programma for Hordaland fylkeskommune er EU sitt program for regional utvikling Interreg, EU sitt opplæringsprogram Erasmus+ og EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont 2020. Innanfor kultursektoren er programmet Kreativt Europa (Creative Europe) særst relevant. Norsk deltaking i Interreg-prosjekt blir finansiert over statsbudsjettet. Dei tre andre programma har Noreg og regionale aktørar tilgang til gjennom EØS-avtalen.

Innan Erasmus+ er det bygd opp gode system og rutinar i Hordaland fylkeskommune for å søkje på midlar til praksisopphald for elevar, lærlingar og tilsette i Hordaland fylkeskommune, kommunane og andre samarbeidsaktørar. I tillegg har vi etablert eit individuelt tilpassa lågterskeltilbod for elevar som har droppa ut av vidaregåande skule. Potensialet innan Erasmus+ er å utvikle strategiske partnerskapsprosjekt for å byggje vidare på resultatane av mobilitetsprosjekta.

Hordaland fylkeskommune bør også nytte moglegheitene som ligg i Horisont 2020 til å utvikle forskingsprosjekt i samarbeid med forskingsmiljø i Hordaland som kan framskaffe meir kunnskap og finne løysingar på dei utfordringane hordalandssamfunnet står ovanfor.

Gjennom deltaking i programmet Kreativt Europa ligg eit stort potensiale for å styrkje kulturlivet i Hordaland og elles på Vestlandet, utvikle og utveksle internasjonal kompetanse i institusjonane, og setje dei i stand til å ta større del i europeiske kultursamarbeid. Hordaland fylkeskommune si

rolle her er primært å gi råd og rettleiing til kulturaktørar som ønskjer å søkje støtte, framfor å delta i prosjekt sjølve.

Det største unytta potensialet ligg i Interreg-programma og spesielt Nordsjøprogrammet. Sjølv om programperioden er godt i gang, er det framleis moglegheiter til å få finansiert samarbeidsprosjekt som kan bidra til å nå dei måla vi har sett i våre planar og strategiar. Norsk deltaking i dette programmet blir finansiert over statsbudsjettet. Hordaland konkurrerer derfor med aktørar i andre fylke i Noreg om desse midlane.

Hordaland fylkeskommune si deltaking i Interreg-prosjekt i førre programperiode, 2007-2013, er evaluert og ligg til grunn for denne saka (sjå vedlegg).. Målet med evalueringa var å få eit overblikk over erfaringane ein har gjort seg og kva som kan forbedrast.

Deltaking i internasjonalt prosjektsamarbeid er eitt av hovudverktøya i Hordaland fylkeskommune sitt internasjonale arbeid. I inneverande programperiode 2014-2020 er det mest relevant for Hordaland fylkeskommune å delta i prosjekt innafor Interreg, Erasmus+ og Horisont 2020, og der deltakinga i nokre av desse er som lead partnar dersom det gir større utbytte. Med utgangspunkt i vedtekne planar og strategiar har fylkesrådmannen definert eit sett med fagområde/problemstillingar som fagleg sett er spesielt relevante å løfte inn i eit internasjonalt prosjektsamarbeid og som vil kunne gi gode effektar for hordalandssamfunnet og betre måloppnåing for Hordaland fylkeskommune. Kva og kor mange prosjekt som kan vere aktuelle for Hordaland fylkeskommune å delta i, må vurderast i høve til budsjettsituasjonen og interne prioriteringar. Dei tre EU-programma har ulike krav til medfinansiering. Finansieringsbehov vil bli ivareteke og prioritert gjennom eigeninnsats og/eller innafor ramma av det einskilde årsbudsjett. Dette vil utgjere rammene for det internasjonale prosjektsamarbeidet i denne programperioden. Prosjektdeltaking skal tilpassast dei årlege budsjett

For at Fylkesutvalet skal ha høve til å justere kursen undervegs, vil fylkesrådmannen leggje fram årlege rapportar med oversikt over deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt, ressursbruk og måloppnåing. Prosjektsøknader vil fortløpande bli meldt Fylkesutvalet til orientering.

Forslag til innstilling

"[Klikk her for å skrive]"

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, innafor ramma for internasjonalt prosjektsamarbeid som er skissert i saka, arbeide fram søknader og programdeltaking, knytt til EU sin programperiode 2014-2020.
2. Alle prosjektsøknader skal fortløpande meldast Fylkesutvalet til orientering.
3. Fylkesutvalet skal ha årlege rapportar med oversikt over deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt, ressursbruk og måloppnåing.
4. Prosjektdeltaking skal tilpassast dei årlege budsjett.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 24.05.2016**1. Bakgrunn**

Internasjonalt prosjektsamarbeid er eitt av fem hovudverktøy som Hordaland fylkeskommune har vald å prioritere i sitt internasjonale arbeid, jf. Internasjonal strategi for Hordaland fylkeskommune 2013-2016 (sjå vedlegg). Hordaland fylkeskommune har deltatt aktivt i internasjonalt prosjektsamarbeid over mange år, både som lead partner, ordinær partner eller ved å kople på andre aktørar i prosjekta, slik som kommunar, bedrifter og friviljuge institusjonar.

Målsettinga for det internasjonale arbeidet i Hordaland fylkeskommune er at det skal bidra til:

- 1) Ei berekraftig utvikling av Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region
- 2) At ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar

Strategiane for å oppnå desse målsettingane er som følgjer:

1. Samarbeide internasjonalt for å løyse felles regionale utfordringar
2. Påverke rammevilkåra for hordalandssamfunnet
3. Mobilisere sentrale aktørar i Hordaland til å delta i internasjonale aktivitetar
4. Auke den internasjonale kompetansen
5. Vidareutvikle den faglege kompetansen gjennom internasjonal erfaringsutveksling

Internasjonalt prosjektsamarbeid vil vere eit middel for å gjennomføre alle desse strategiane.

Dei mest relevante EU-programma for Hordaland fylkeskommune er

- Interreg, som er EU sitt program for regional utvikling
- Erasmus+, som er EU sitt program for utdanning, ungdomsarbeid og idrett
- Horisont 2020, som er EU sitt store forskings- innovasjonsprogram
- Kreativt Europa (Creative Europe), som er EU sitt program for kunst og kultur.

Norsk deltaking i **Interreg** blir finansiert over statsbudsjettet som ein del av dei regionale utviklingsmidlane. Gjennom EØS-avtalen har Noreg og norske regionar fått innvilga full rett til deltaking i **Horisont 2020**, **Erasmus+** og **Kreativt Europa** for perioden 2014-2020.

Gjennom EØS-avtalen bidrar Noreg også med betydelege beløp til sosial og økonomisk utjamning i dei mest utsette delane av Europa. Prosjekt som finansierast med **EØS-midlar** set krav til å ha med partnarar frå eit Efta-land, men det er dei aktuelle regionane som må stå som søker. Alle EØS-prosjekt har 100 % finansiering. EØS-prosjekt kan og vere aktuelle for Hordaland fylkeskommune å delta i, men dette vil berre vere etter førespurnad frå ein av dei regionane som fell inn under ordninga og blir difor ikkje omtalt i fortsetjinga.

Alle desse programma skal byggje opp under EU 2020-strategien. Dette er EU sin tiårige strategi for vekst og sysselsetting. Den ble lansert i 2010 for å skape gode føresetnader for smart, berekraftig og inkluderande vekst.

Programarbeidet i EU er inndelt i 7-årsperiodar. Inneverande programperiode, 2014-2020, er allerede godt i gong. Innhaldet og dreinga i programma er no godt kjent for oss og spørsmålet er korleis Hordaland fylkeskommune kan nyttiggjere seg EU-programma i resten av

programperioden for å fremje regional utvikling i fylket, på kva fagområde dette vil gje ein meirverdi og korleis politisk nivå skal involverast.

2. Kvifor delta i internasjonalt prosjektsamarbeid?

Gevinsten i å delta på denne arenaen ligg på fleire plan. For det første gir det høve til å samarbeide med aktørar i andre regionar i Europa som har dei same utfordringane som vi har og som bidrar med sin kompetanse, erfaringar og perspektiv. Deltaking i samarbeidsprosjekt er ein måte å få sett i gang regionale utviklingsprosessar på og til å få auka kunnskap om modellar og metodar for korleis ein kan *løyse* regionale utfordringar.

For det andre er det ein måte å *byggje kompetanse* i hordalandsregionen, både fagleg kompetanse og internasjonal kompetanse.

For det tredje er det ein måte å *finansiere* regionalt utviklingsarbeid på. Noreg betalar betydelege summer inn til EU gjennom EØS-avtalen. EØS-avtalen gir norske aktørar moglegheiter til å delta i fleire av dei europeiske programma på lik line med europeiske regionar. Nasjonale myndigheiter er difor opptekne av å «hente midlane tilbake igjen» gjennom deltaking i samarbeidsprosjekt. I tillegg har norske myndigheiter sett av 188 mill NOK på statsbudsjettet til finansiering av norsk deltaking i Interreg (interregionalt samarbeid). Hordaland konkurrerer om desse midlane med andre norske fylke og kommunar. Dersom Hordaland ikkje søker på desse midlane, er det andre norske fylke/kommunar som får finansiert sine utviklingsprosjekt.

I tillegg gir internasjonalt prosjektsamarbeid Hordaland fylkeskommune høve til å kople seg opp mot europeiske prosessar og halde seg oppdatert på kva som skjer i Europa og EU.

Denne typen prosjekt vil og kunne bidra til sosial og økonomisk utjamning i Europa, som er spesielt viktig i den urolege tida som Europa no er inne i med auka kulturelle og etniske motsetnader.

3. Korleis kan EU-programma nyttast for å fremje regional utvikling i Hordaland?

Av programma nemnd ovanfor er det Erasmus+ og Interreg som Hordaland fylkeskommune har nytta mest aktivt. Innan Erasmus+ har vi gode system og rutinar for å hente ut midlar til utvekslingsopphald og vi ligg godt an i løypa til å utvikle samarbeidsprosjekt basert på dette. Utfordringa framover er først og fremst å identifisere utviklingsprosjekt som kan finansierast med Interreg-midlar. Vi bør og nytte moglegheitene som Horisont 2020 gir til å generere forskning som gir svar på utfordringar som hordalandsamfunnet står ovanfor, i tett samarbeid med forskingsmiljø i fylket. I Kreativt Europa er fylkeskommunen si rolle primært å gi råd og rettleiing til kulturaktørar som ønskjer å søkje støtte.

Hordaland fylkeskommune kan anten delta som ordinær partner eller som lead partner. Lead partner-en er ansvarleg for prosjektet, både administrativt og finansielt. Som lead partner har ein større påverknad over gjennomføringa og utfallet av prosjektet, og som oftast også utforminga av prosjektideen..

Erasmus+

Programmet gir støtte til to typar prosjekt: 1) Mobilitetsprosjekt som er kortare opphald for læring og erfaringsutveksling i Europa og 2) Strategiske partnerskapsprosjekt mellom europeiske organisasjonar (2-3 årig). Krava til medfinansiering i denne typen prosjekt er 20 %.

I førre programperiode bygde Hordaland fylkeskommune opp system og rutinar for å søkje på midlar utvekslingsopphald slik at ein på slutten av perioden klarte å hente ut om lag 1,9 mill NOK til utveksling av elevar, lærlingar og tilsette. Hordaland har lege på topp 2 av dei norske fylka i tildelte midlar dei siste åra. I inneverande programperiode, 2014-2020, har Hordaland fylkeskommune vidareført arbeidet med utvekslingsopphald under Erasmus+. For perioden 2015-2016 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt over 3 mill NOK til mobilitetsstipend for elevar, lærlingar og tilsette. Mobilitetsstipend for elevar og lærlingar blir brukt til praksisopphald i bedrifter og institusjonar i regionar i Europa som vi har intensjonsavtale med. Mobilitetsstipend for tilsette i fylkeskommunen og i kommunane eller andre samarbeidsaktørar, vert nytta til erfaringsutveksling og studie av best practise, med tanke på sektorsamarbeid for betre utdanningstilbod i fylket

Gjennom programmet Aktiv Ungdom har Hordaland fylkeskommune også lagt til rette for praksisopphald knytt til frivillig arbeid i Europa. I tillegg har Hordaland fylkeskommune, som første fylke i Noreg, etablert eit lågterskeltilbod for elevar som har droppa ut av vidaregåande skole og som blir skreddarsydd til den einskilde. Dette er lagt merke til i EU-kommisjonen. Målet er å gje ungdommane ei kjensle av meistring og gje nye perspektiv og impulsar, som igjen vil kunne motivere for å ta opp att den vidaregåande utdanninga. Så langt i perioden har meir enn 20 ungdommar nytta seg av dette tilbodet. Vidare har Hordaland fylkeskommune vore prosjektleiar for prosjekt med finansiering frå Aktiv Ungdom for å utveksle erfaringar med oppfølging av elevar med spesielle utfordringar.

Førebels har vi ikkje fått godkjent strategiske partnerskapsprosjekt innafor Erasmus+. Det ligg likevel eit stort potensiale her for å utvikle denne typen prosjekt, som er mindre omfattande enn eit Interreg-prosjekt, men som kan vere ein forløpar til eit større prosjekt.

Horisont 2020

Horisont 2020 har tre fokusområde: Byggje framifrå forskingsmiljø, skape eit konkurransedyktig næringsliv og møte dei store samfunnsutfordringane. Berekraftig utvikling og klimarelaterte utfordringar er gjennomgåande prioriteringar i Horisont 2020. I Hordaland er det fleire store forskingsaktørar som har utvikla og fått godkjent mange prosjektsøknader, t.d. Universitetet i Bergen, Haukeland universitetssjukehus og Havforskningsinstituttet.

Forskinga skal svare på eit behov i samfunnet. Målet er at forskingsresultata skal kunne omsetjast på ein marknad i form av varer eller tenester. Samarbeid mellom forskning, næringsliv, offentleg sektor og det sivile samfunnet, blir vektlagt. Hordaland fylkeskommune har derfor tatt initiativ til å etablere ei regional mobiliseringsgruppe til H2020, der UiB, IN, Forskningsrådet og fylkeskommunen er med. Kvar av desse aktørane har nettverk som kan mobiliserast, både kommunar, bedrifter og forskingsinstitusjonar. Målsettinga er å kople aktørar som kan ha felles interesse i å utvikle prosjektsøknader som kan svare på dei samfunnsutfordringane som aktørane møter. Her kan det og vere aktuelt for Hordaland fylkeskommune å vere med som partner. Samarbeidsprosjekt i H2020 kan få opp til 100 % finansiering.

Kreativt Europa

Kreativt Europa er EU sitt program for dei kulturelle og kreative sektorane og har eit budsjett på 1,46 milliarder euro i perioden 2014-2020. Programmet støttar prosjekt som får meirverdi ved at dei vert gjennomført i ei europeisk ramme. Programmet gir norske kulturaktørar høve til internasjonalt samarbeide og til å nå ut til eit europeisk publikum. Programmet gjeld aktørar innanfor sektorar der aktivitetane er basert på kulturelle verdiar og/eller kunstnerisk og kreativ utfolding. Typiske sektorar er: arkitektur, arkiv og bibliotek, kunsthåndverk, audiovisuell (film, TV, spill og multimedia), kulturarv, design, festivalar, musikk, scenekunst, forlag og visuell kunst.

For 2016 vart det handsama 529 søknader til programmet for internasjonale samarbeidsprosjekt. 66 prosjekt vart tildelt om lag 37 mill Euro. Åtte norske aktørar tek del i ni prosjekt, og av desse er tre frå Hordaland: 1. Advancing Performing Arts Project - Performing Europe 2020 (Stiftelsen Bergen internasjonale Teater), 2. Future DiverCities - Creativity in an Urban Context (Stiftelsen Bergen Senter for Elektronisk kunst), og 3. Turn on Literature (Bergen kommune v/Bergen Offentlige Bibliotek).

Slik fylkesrådmannen ser det, er det svært viktig å støtte opp om Hordaland sitt profesjonelle kulturliv slik at dei i større grad kan ta del i dei europeiske kulturprogramma. Erfaringa viser at deltaking i europeiske nettverk eller samarbeidsplattformer er ein effektiv måte å styrkje kulturlivet på. Internasjonale samarbeidsprosjekt er til stor hjelp i utviklinga av institusjonane sjølv, er berikande for den kunstnarlege produksjonen og er svært effektivt for å spreie kjennskap om vårt heimlege kulturliv ute i Europa.

Kulturelt og kreativt samarbeid er verdifullt i seg sjølv, men deltaking i Kreativt Europa skaper også vesentlege meirverdiar gjennom tilskota til sektoren. Kreativt Europa kan slik sjåast å ha stor effekt for den regionale utviklinga av kulturlivet i Hordaland og elles på Vestlandet.

Det ligg soleis stort potensiale i å styrkje kulturlivet i Hordaland; ved å utvikle og utveksle internasjonal kompetanse i institusjonane, og ved å setje dei i stand til å ta større del i europeiske kultursamarbeid. I nokon grad peiker dette også på behovet for kompetanseutvikling i offentlig forvaltning i kommunar og fylkeskommune. . Fylkeskommunen si rolle knytt til Kreativt Europa er først og fremst å gje råd og rettleiing til aktørar som ønskjer å søkje midlar, meir enn å ta på seg sjølvstendige prosjektoppgåver finansiert av Kreativt Europa eller andre program, jf. Regional kulturplan 2015-2025. Innsatsområde 12: Internasjonalisering.

Interreg

Interreg er delt inn i tre delar: A, B og C. Hordaland har berre tilgang til B og C. Interreg B omfattar samarbeid mellom regionar som har geografisk nærleik til kvarandre og som møter felles utfordringar. Interreg C omfattar politikktutforming og overføring og utveksling av erfaringar for regionale aktørar frå *heile* Europa. Her er det mange aktørar som kjempar om midlane og nålauget er lite.

Prioriteringane i Interreg B ligg tett opp til dei utfordringane vi har i vår region. Her inngår det tre program:

- *Nordsjøprogrammet*: Omfattar utvalde regionar i 7 land med kystlinje mot Nordsjøen.

- **Østersjøprogrammet: Omfattar utvalde regionar i 11 land rundt Østersjøen.**
- **Nordlig perifer og Arktis:** Omfattar utvalde regionar i den eurarktiske sonen, og tilgrensande område i Russland og Canada.

Nordsjøprogrammet har spesiell fokus på det grønne skiftet og innovasjon innan ulike sektorar, Østersjøprogrammet har spesiell fokus på miljø og sosial tilhøyre, medan Nordlig Peiferi og Arktis har spesiell fokus på å leggje til rette for busetting, arbeid, studiar, besøk og investeringar i tynt befolka område.

Interreg B-programma støttar samarbeidsprosjekt innanfor:

- Forsking og innovasjon
- Konkurranseskraft
- Klimatilpassing og klimautfordringar
- Miljø og ressursar
- Berekraftig transport
- Lavkarbonøkonomi

Alle desse programma eignar seg godt til å drive regionalt utviklingsarbeid med breie partnerskap, Nordsjøprogrammet står likevel i ei særstilling her. I Nordsjøprogrammet kan Hordaland samarbeide med andre regionar kring Nordsjøen med felles historie og som langt på veg er i same situasjon både i høve til økonomi, kultur, kompetanse, og som difor gir eit godt utgangspunkt for eit effektivt og målretta samarbeid. Det er Vestlandsrådet som ivaretek funksjonen som nasjonalt kontaktpunkt. Denne oppgåva er både i førre og noverande programperiode lagt til Hordaland fylkeskommune. Dette gjer at vi er representert i styringskomiteen til Nordsjøprogrammet. Vi har difor inngåande kunnskap om innhaldet og prioriteringane i programmet og har eit godt utgangspunkt for å byggje partnerskap både gjennom desse møtepunkta og gjennom Nordsjøkommisjonen sitt arbeid.

Hordaland fylkeskommune deltok i til saman 10 Interreg-prosjekt i førre periode, i fem av desse var vi lead partner (sjå vedlagte evalueringsrapport). Totalt fekk desse prosjekta 250 millionar kroner frå EU. Av desse fekk Hordaland tildelt om lag 18 millionar kroner. Prosjekta kan vise til heilt konkrete resultat i form av nye modellar, nye løysingar, nye arbeidsmåtar, etc, i tillegg til at ein har etablert nettverk og fått auka deltakarane sin faglege og internasjonale kompetanse.

I statsbudsjettet er det sett av om lag 188 millionar kroner til Interreg i programperioden 2014-2020. Kriteriet for å få tildelt desse midlane, er at den regionale aktøren matchar den tildelte summen, dvs. at partnarane må finansiere 50 % av kostnadene sjølve, anten i form av arbeidstimar eller reine pengar. Per i dag inngår Hordaland fylkeskommune som partnar i kun eitt interreg-prosjekt. Det kjem inn under Nordleg periferi og er knytt til reiseliv. Her har Hordaland fått løyvd 1,5 mill NOK. Fram til no har ikkje Hordaland fylkeskommune søkt om midlar frå Nordsjøprogrammet.

Det ligg med andre ord store moglegheiter for Hordaland til å få tildelt midlar dersom vi klarer å identifisere prosjekt som møter utfordringane regionalt og som støttar opp under EU sine mål. Det evalueringa peikte på er at prosjekta bør forankrast betre, både organisatorisk og tematisk, for å sikre godt utbytte. Det bør vere ei strategisk vurdering av prosjektet sine potensielle resultat og nytte før det startar opp, inkludert ein strategi for å sikre bruk og spreing av erfaringar og konkrete

resultat. Det må vere klart kva seksjon/avdeling som har ansvar for oppfølging av prosjektet etter prosjektslutt. Regionalavdelinga v/ seksjon for Forsking, internasjonalisering og analyse er i ferd med å utarbeide administrative rutinar for initiering og gjennomføring av Interreg-prosjekt.

4. På kva område vil internasjonalt prosjektsamarbeid kunne gje ein meirverdi for Hordaland fylkeskommune?

Prosjektsamarbeid innafor EU-programma gir mange moglegheiter for utvikling av hordalandssamfunnet. Det som er viktig er at deltaking i denne type prosjekt er forankra i overordna planverk for fylkeskommunen, som regional planstrategi, regionale planar og andre overordna plandokument.

På følgjande fagområde ser fylkesrådmannen at det vil gje ein meirverdi at Hordaland fylkeskommune, ev i samarbeid med andre aktørar i Hordaland, går inn og deltar i internasjonalt prosjektsamarbeid. Det kan bidra til at vi når våre eigne mål, som er nedfelt i planar og strategiar, raskare og betre.

Ungdom, kultur og sivilsamfunn

- Fråfall i vidaregåande skule
- Fleirkulturelle samfunn – interkulturell kompetanse
- Ungt entreprenørskap
- Menneskerettar og verdier
- Folkehelse

Mobilitet og transport

- Utvikling av gode og effektive knutepunkt/ kollektivterminalar og betre framkome for kollektivtrafikken
- Auka bruk av sykkel og gange i byområda, samkøyring og bildeling
- Trafikktryggleik
- Miljøvenlege former for regionforstørring knytt til korleis vi møter utbygging av motorvegnettet inn mot Bergen.
- Låg- og nullutsleppsteknologi for transport på land og til sjøs, t.d. omlegging til batteridrift, brenselcelle teknologi
- Godsdistribusjon og overføring av gods frå veg til sjø og bane

Klimautfordringar

- Hydrogen i energisystemet - Bruk av hydrogen i framtidens samfunn
- Tiltak for å redusere klimagassutslepp i landbruket
- Kartlegging av effektar av utslepp frå heile transportsektoren, utvikle modellar, planlegging, etc for å møte utfordringar knytt til klimaendringane
- Haldningar og åtferd i klimaperspektiv

Samfunns- og næringsutvikling

- Klyngeutvikling - næringsklynger
- Blå og grøn matproduksjon, inkludert rekruttering til næringa
- Utfordringar i olje- og gassektoren, til dømes:

- Utvikle nye forretningsområde ut frå redusert aktivitet og nedbemanning innan olje- og gass-sektoren - kompetanse, dreining mot andre tenester og utvikling av nye produkt både i og utanfor bransjesegmentet.
- Korleis utnytte Co2 satsinga på Mongstad/andre stader endå betre – f eks ved å bygge vidare på Co2 – Bio prosjektet som fylkeskommunen er engasjert i
- Kostnadseffektivitet - Utvikla betre global konkurransekraft
- Kompetanse- og teknologioverføring frå olje- og gassindustrien til akvakultur
- Offshore fornybar energi
- Undersjøisk fabrikk – prosessering av råvarer på havbotnen
- Safety and risk management i maritim industri
- Forskingsbasert innovasjon – Teknologi i eit paradigmeskifte
- Utvikling av ein meir berekraftig modell for planlegging og bruk av areal i sjø/hav – med vekt på kryssande/parallele behov som naturmangfald, akvakultur, transport mv
- Forvaltning av ikkje-fornybare byggjeråstoffer (sand, grus, puk) og overskotsmassar
- Tilrettelegging for grøn produksjon av varer og tenester i næringslivet.

5. Politisk involvering

Evalueringa av Hordaland fylkeskommune si deltaking i Interreg i førre periode viste at det er behov for å lage interne retningslinjer eller ei sjekklister til hjelp når ein skal utvikle eller ta del i eit internasjonalt samarbeidsprosjekt. Dette gjeld både i høve til forankring administrativt og politisk, bygging av partnerskap, etablering av støttefunksjonar internt, rapporteringslinjer, etc. Regionaldirektøren er i ferd med å utarbeide slike administrative rutinar.

Det å sikre politisk interesse og deltaking er for fylkesrådmannen ei viktig problemstilling. Evalueringa viser at alle Interreg-prosjekta som Hordaland fylkeskommune deltok i, blei lagt fram for politisk godkjenning. Det har vist seg krevjande å samordne søknadsprosessen med politisk møtekalender. Nokre av desse prosjekta blei lagt fram so seint i prosessen at administrasjonen langt på veg hadde forplikta seg til å delta. Den politiske handsaminga blei difor ikkje reell. Utfordringa er at før administrasjonen kan leggje fram ein politisk sak om dette, må det leggjast ned mykje arbeid i utforminga av prosjektsøknaden i samarbeid med partnerskapen. Ein slik prosess skaper forventingar i partnerskapen om vidare deltaking.

I noverande programperiode blei ein prosjektsøknad til Nordsjøprogrammet med Hordaland fylkeskommune som lead partner, ikkje godkjent av Fylkesutvalet (sjå FUV-sak 66/2016). Administrasjonen og dei andre aktørane i partnerskapen hadde lagt ned mykje tid i utforminga av søknaden over ein periode på 1 år. Etter at Hordaland fylkeskommune trakk seg ut av prosjektet, var det ingen av dei andre aktørane som kunne overta rolla som lead partner.

Det er difor viktig at vi har rutinar som sikrar politisk involvering, samstundes som vi ikkje legg ned tid og ressursar i utviklinga av prosjekt som ikkje har politisk prioritet. Det er frå fylkesrådmannen si side ønskjeleg at Fylkesutvalet gir retning på det internasjonale prosjektsamarbeidet og har høve til å justere kursen undervegs, men samstundes utan at det krev politisk handsaming av kvart einskild prosjekt.

Dette er bakgrunnen for at fylkesrådmannen, med utgangspunkt i vedtekne planar og strategiar, har definert eit sett med fagområde/problemstillingar som fagleg sett er spesielt relevant å løfte inn i eit internasjonalt prosjektsamarbeid (sjå pkt 4 i saksutgreiinga). Fylkesrådmannen ber med dette Fylkesutvalet om å gje si tilslutning til at vi jobbar aktivt for å identifisere og utvikle samarbeidsprosjekt på desse og tilgrensande område, og der deltakinga av nokre av desse er som lead partner (sjå pkt 3). Prioritering av kva og kor mange prosjekt Hordaland fylkeskommune skal delta i, kan då avgjerast administrativt. Dei tre EU-programma har ulik krav til medfinansering. Finansieringsbehov vil bli ivareteke og prioritert gjennom eigeninnsats og/eller innafor ramma av det einskilde årsbudsjett. Prosjektdeltaking skal tilpassast dei årlege budsjett.

For at Fylkesutvalet skal ha høve til å justere kursen undervegs vil fylkesrådmannen leggje fram årlege rapportar med oversikt over deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt, ressursbruk og måloppnåing. Prosjektsøknader vil fortløpande bli meldt Fylkesutvalet til orientering.